

Årleg fest for dei i sjuande

20.06.2011



Ein av dei fine skikkane ved skulen i Uskedalen er at det blir halde ein fest for dei som går ut av 7. klasse og dermed over i ungdomsskulen. Det siste skuleåret har det vore 7 i klassa og festen for dei vart avvikla i kveld i Gamleskulen. Imorgon kjem den siste skuledagen.

Det fell seg også slik at ho som har vore klassestyrar for klassen dei siste 2 åra, Bjørg Møyfrid Fredheim, også takkar for seg no ved Uskedalen skule og også rundar av eit langt lærarliv.

Ho vart lærar i 1970 og byrja ved skulen her i bygda innunder jul i 1986. I føremiddag blir det avskilsfest for henne på Systrene Nilsen.

Festen for dei i sjuande hadde tidlegare rektor Vidar Haugland ideen til og den festen vart avvikla for nokre år. sidan. Det er også tradisjon at foreldre til sjetteklasingar lagar og serverar maten. Etter den er det ymse programinnslag, i kveld til dømes ljosbileteframstykking.

Staden for festen varierar og avheng av plassen. I år var det ein liten sjuandeklasse slik at Gamleskulen var stor nok, men også Helgheim har vore nytta. Festen er ein triveleg avrunding både for elevar, lærarar og foreldre.

Over er dei 7 som no forlet skulen i bygda. Rekna framifrå og bakover står dei slik: Johannes Haugland, Tord Sæle, Amalie Haugland Røstbø, Maren Huse Bjørnebøle, Rebecca Hølleland Hauge, Marius Seim Myklebust og Kjartan Elias Tunsgesvik.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

